

Referat: FAU-møte nr 3, skuleåret 2025-26

***Klasserommet (ved skulekjøkkenet) på Samnanger Barneskule
15.01-2026, kl 18:00-19:15***

Møteleiar: Anders Fossmark

Referent: Anders Fossmark

Inviterte: Foreldrekontaktar ved Samnanger Barneskule, rektor og
avdelingsleiarar Ingebjørg Olsnes og Anne-Beth Hansen

Agenda:

2025/26-12 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Referat: Godkjent utan merknad

**2025/26-13 Informera om skulen sin rutine for informasjon til
føresette ved ekstra ordinær hending.**

Referat: Rektor informerte om konkret sak i haust, då
eit tau på ei disse rauk med det resultat at ein elev vart
skada. Dette skjer dagen før haustferien. Eleven vart
godt handsama og andre elevar på trinnet snakka med
kontaktlærar same dag. Informasjon til alle føresette
gjekk ut måndag etter haustferien, etter ei grundig
vurdering av rektor. Føresette ber om informasjon når
slike hendingar skjer. Rektor seier at det kunne gått ut
ei melding før ferien.

*Rektor viser til ei rutine for informasjon ved
ekstraordinær hendingar.*

Felles informasjon til føresette er utfordrande i slike
saker då det er mange omsyn som skal ivaretakast.

2025/26-14 Gratis kjernetid for trinn 4 på SFO. Det er kome eit
ynskje frå føresette om å jobba for å få til gratis
kjernetid for elevar på trinn 4. Kva skal me gjera, og ev
kven gjer det?

Referat: Budsjettsak, Gratis kjernetid for elevar på 1.-
3. er Statleg bestemt og kommunen får finansiert dette.
Ei utvida ordning med gratis kjernetid for elevar på trinn
4 må kommunen finansiera sjølve.
Foreldrekontaktar undersøker hjå føresette på 1.-3. trinn
om dette er ei sak FAU ynskjer å jobba med.

2025/26-15 Nasjonale prøver, resultat haust 2025.

Nasjonale prøver blir kvart år gjennomført på trinn 5 om hausten. Me ser på resultat for 2025 i lesing, rekning og engelsk.

Referat: Rektor forklarar kort om kva skalapoeng er. Oppsummerte funn til vurdering for vidare satsing i skulane i Samnanger:

Samnanger barneskule – 5. trinn:

- Rekning er ein tydeleg styrke: Samnanger 53 vs landet 49 og Vestland 50.
- Lesing ligg om lag på nasjonalt nivå: Samnanger 49 = landet 49 (og over Vestland 48).
- Engelsk ligg over nasjonalt nivå: Samnanger 52 = landet 50 = Vestland 50.

Resultat er å finne på [udir.no/nasjonale prøver](https://udir.no/nasjonale-prøver).

2025/26-16

Elevundersøkinga, resultat haust 2025

Du finn resultat her:

[Elevundersøkelsen – læringsmiljø 5. til 10. trinn, sortert etter indikator | udir.no](#)

Rektor legg fram oversikt over resultat samanlikna med ander og samanlikna med andre år. Kort oppsummering under.

Referat: Gjennomgang av elevundersøking i 7. trinn. Læringskultur og motivasjon er litt låg. Spesielt motivasjon, dette er trend på landet. Trivsel 5-7 bra snitt på 4.

Mobbing på skulen, langt under Vestland snittet. 0 elevar har følt seg mobba av vaksne på skulen. Ørvig tal er så låge at dei er anonymisert.

2025/26-17

Foreldremøte i februar – har FAU innspel til tema?

Referat: Smarttelefonfri barndom?

2025/26-18

Status arbeidsgruppe Smarttelefonfri barndom

Gjennomgang undersøkelse totalt 76,02% 3. trinn best 100%.

Litt sprik i kommentarar. Kanskje ein del som ikkje heilt har forstått kva som blir meint. Viktig med god kommunikasjon.

Diskusjonar rundt kva som skal gjerast vidare.

- Retningslinjer for møter. Smarttelefon skal opp på klasseforeldremøte kvar år framover.

- FAU fatte vedtak om å arbeida for smarttelefonfri barndom, ref:
<https://www.smarttelefonfribarndom.no/fauvedtak>
- Arbeidsgruppa føresler korleis me jobbar vidare.

2025/26 – 19

Eventuelt:

Rektor orienterer om:

Statsforvaltar har hatt tilsyn ved skulen før jul på lærarnorm. Det tilsynet er lukka, skulen driv etter lovkrav på bemanning.

Det andre tilsynet er det sendt inndokumentasjon på og me avventar rapport på utfall. Tilsynet etterspør praksis knytt til intensiv opplæring for 1.-4.trinn